# Informasjon til ungdomsrådet 15.04.26

Ung kraft-fondet, Kvalitetsmelding for barnehage, skule og SFO 2026 og Framtidas oppvekst

**Ung kraft fond - tildeling vår 2026**

**Saksnummer:** 017/2026 **Antall dokumenter:** 5

UNG KRAFT FONDET

# Kva er Ung kraft?

Eit fond = ein sparepott

Pengene skal brukast til å investere i noko ein kan få meir igjen for seinare

Ung kraft = ein investerer i dei unge kreftene, i framtida til Sauda



# Korleis byrja Ung Kraft fondet?

- 2019 – 2020: Kåre Bjarte Bjelland frå Eramet Norway Sauda og kommunalsjef oppvekst i Sauda og Suldal snakka saman om korleis Sauda kan bli eit levedyktig samfunn også i framtida.
- Eramet Norway Sauda treng folk som vil bu i Sauda og jobbe på fabrikken.
- Sauda kommune tenkte: Korleis kan me gi barn og unge meir påverknad på si eiga læring?
- Slik kom idéen om Ung Kraft fondet for å støtte barns kreative idéar og prosjekt!





Basert på dette kom Ung Kraft fondet for å støtte barns kreative idéar og prosjekt!

### 💡 Kvifor Ung Kraft?

- Folk må ville bu i Sauda 🏡
- Då treng me ein spennande og god plass å vekse opp

### 🎓 Kva er viktig for barn og unge?

- Lære nye ting
- Tru på seg sjølv 💪
- Kjenne meistring
- Oppleve at det ein lærer er nyttig




### 🚀 Kva er Ung Kraft?

- Eit fond som støttar ideane til barn og unge
- Du kan vere med å bestemme og påverke
- Dine idear kan bli til ekte prosjekt

### 🌱 Kvifor er dette bra?

- Fleire gode idear og oppfinningar
- Kanskje du startar din eigen jobb ein dag!
- Gjer Sauda til ein endå betre plass å bu

Sauda kommune

eramet

Saudefaldene

Brødrene Selvik

# Ung Kraft-fondet

- **110.000 kr delast ut årleg**
- Sauda kommune 50.000 kr
- Eramet Norway Sauda 25.000 kr
- Saudefaldene AS 25.000 kr
- Brødrene Selvik AS 10.000 kr

# Kven kan søkje?



**Alle barnehagar og grunnskular i Sauda kommune**



**To søknadsfristar kvart barnehage- og skuleår:**

01.10

15.02

## Kven tildeler midlane?

- Tidlegare Sauda næringsutvikling KF
- Deretter Utval for areal, næring og kultur (ANK)
- Nå: Ungdområdet

# Prosess

Årleg: Kommunedirektøren* sender ut informasjon om søknadsfrist og krav til søknaden

Kommunedirektøren* vurderer søknadane opp mot kriterier for tildeling, og lagar ei sak med innstilling til ungdomsrådet

Ungdomsrådet kan vedta det som kommunedirektøren* foreslår som vedtak, eller dei kan gjere eigne vurderingar

**I ein kommune har kommunedirektøren mange som jobbar for seg. I saka om Ung kraft er det næringsrådgjevar og kommunalsjef for oppvekst i Sauda kommune som representerer kommunedirektøren.*

| Kriterier for tildeling | Søknaden innfrir i høg grad | Søknaden innfrir i nokon grad | Søknaden innfrir i liten/ingen grad |
|---|---|---|---|
| Tilsette i barnehagane og skulane våre kan, **med sterk involvering av barn og unge**, søkja om midlar frå fondet. | | | |
| Målet er å **inspirera barn og unge i barnehagar og skular til å ta fram dei skapande og kreative evner, for å bidra til trivsel og læring for eit levedyktig samfunn**. | | | |
| Samarbeidet skal **inspirera til nytenking og entreprenørskap for alle involverte partar og øvrig samfunn,** slik at nye idear kan omsetjast til handling. (Frå læreplanen LK20). | | | |

| Kriterier for tildeling | Søknaden innfrir i høg grad | Søknaden innfrir i nokon grad | Søknaden innfrir i liten/ingen grad |
|---|---|---|---|
| Særleg skal det leggjast vekt på at samarbeidet bidreg til **ei meir berekraftig utvikling, ved at det fremjar verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn** . (Frå Rammeplan for barnehagen) | | | |
| Vidare skal samarbeidet inspirera barn og unge ti **l å vera nysgjerrige, til å oppdaga og skapa** . (Frå læreplanen LK20). | | | |

| Kriterier for tildeling | Søknaden innfrir i høg grad | Søknaden innfrir i nokon grad | Søknaden innfrir i liten/ingen grad |
|---|---|---|---|
| Barn og unge skal via samarbeidet **erfara demokrati i praksis, ved at dei blir lytta til, har reell innflytelse og kan påverke** det som gjeld dei. | | | |
| Dei skal erfare at **deira stemme blir høyrt, og at det hjelper dei til** å ta eigne medvitne val for her- og nå, og for framtida. (Frå læreplanen LK20.) | | | |
| Tiltaket skal vere eit **lågterskel-tiltak.** | | | |
| Ung Kraft fondet gir **~~ikkje~~** stønad til bemanning, og/eller andre tiltak som er rekna som del av den ordinære drifta. | | | |

# Døme på tiltak Ung kraft-fondet støttar:

- Lokalt utvikla særskilte tiltak, program, turnering, forsøk/utprøvingar m.m.
- Sauda Micro:Bit Challenge
- Tilskot til bruk av ulike programmer i  Ungt entreprenørskap
- Bruk av Nysgjerrig-Per.
- Deltaking i  First Lego League discover (4-6 år)
- Deltaking i First Lego League Explore (6-9 år)
- Deltaking i  First Lego League Challenge (10-16 år)
- Deltaking i særskilte tiltak, program, turneringar, utvikla av andre aktørar.

# Kriteriene er forpliktande!

*Ein må kunne grunngje kvifor ein tildeler.*

*Ein kan ikkje lage eigne kriterier.*

# Søknadsrunde 2 – vår 2026

| Søknad | Medverknad | Kreativitet | Nyskaping | Berekraft | Nysgjerrigheit | Demokrati | Medvit | Lågterskel | Ikkje drift | Konkret prosjektliste |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Alle barneskular – Micro Bit challenge | | | | | | | | | | |
| Fløgstad skule, forskings-utstyr | | | | | | | | | | |
| Leabøen kjøkkenhage | | | | | | | | | | |
| Rustå Utandørs hinderløype | | | | | | | | | | |

# Er de samd i vurderingane?

*Desse ligg til grunn for kommunedirektøren sitt forslag*

# Informasjon på heimesidene til Sauda kommune



# Kvalitetsmelding for barnehage, skule og SFO 2026

**Saksnummer:** 018/2026 **Antall dokumenter:** 2



KVALITETSMELDING FOR BARNEHAGE, GRUNNSKULE OG SFO 2026

Sauda kommune



# Kvalitetsmelding for barnehage, skule og SFO 2026

# Klare styrkjer

1. Mange av dei som jobbar i barnehagen har god utdanning og kompetanse
2. «På papiret» følgjer vi loven når det gjeld kor mange lærarar og tilsette det skal vere i barnehage, skule og SFO.
3. Elevane lærer omtrent like mykje som snittet i resten av landet
4. Alle som går ut av ungdomsskulen startar på vidaregåande (mål for 2025)
5. Kommunen følgjer opp det som ikkje fungerer bra, og gjer tiltak – til dømes fleire tilsette i barnehage og fleire vaksne i SFO



# Mykje bra – men me kan bli betre

1. Dei fleste på 7. og 10. trinn trivst og føler at lærarane støttar dei, men det er litt forskjell frå skule til skule.
2. Mobbing: Totalt sett er det mindre mobbing no enn før blant elevar på 8.–10. trinn, men det kan variere litt frå år til år.



# Ting vi må jobbe meir med

1. Det er ganske store forskjellar i resultat mellom skulane
2. 10.-klassingar er litt mindre motiverte enn snittet i fylket og landet
3. Litt færre fullfører vidaregåande i Sauda enn i resten av landet, og talet har gått ned dei siste åra (frå ca. 85 % til 80 %)



# Dette må me ta på alvor!

1. Det blir litt færre barn i barnehagane.
2. Talet på elevar går ned (rundt 50 færre frå 2023 til 2026), mest på barneskulane
3. Fleire timar blir undervist av lærarar som ikkje har godkjent utdanning i faget
4. Det er veldig vanskeleg å få tak i vikarar når nokon er borte, både i barnehage, skule og SFO
5. Det er vanskeleg å få nok kvalifiserte folk som vil søke jobbe barnehage, skule og SFO – også fordi færre vel desse utdanningane



# Framtidas oppvekst













# Fase 1


Sauda kommune

**Framtidas oppvekst Sauda**

Kunnskapsgrunnlag

Sauda kommune 2024

Oppdrags nr.: 52401979 Dokument nr.: 1 Versjon: 2 Dato: 2024-05-23



**Kvalitet**
**Ressursutnyttelse**
**Kompetanse**
**Læringsmiljø**
**Utvikling.**

Vurdering av 3 barnehager
i Sauda kommune:
Veslefrikk, Ruståå, Leabøen

Prosjekt:
Sauda Oppvekstsektor

AFRY Architects

Prosjekt: D0237527
Dato. Rev. 3 – 03.03.26



# Fase 2

**<u>BARNEHAGE:</u>**

- Alle som treng barnehageplass i Sauda skal få det
- Barnehagane skal oppgraderast og bli betre
- Ingen kommunal barnehage skal ha færre enn 30 barn over tid, så dei får eit godt fagmiljø
- Om det blir mykje færre barn, må kommunen vurdere endringar i kor mange barnehagar det skal vere
- Det skal lagast ein plan for oppgradering av barnehagane, og denne planen skal sei kva barnehagar som skal oppgraderast, og eventuelt utvidast, om det blir barnehagar med færre enn 30 barn over tid.

# Godkjent LOA (leke- og oppholdsareal)

| | Gjeldende godkjenning | Godkjent areal Norconsult | Godkjent areal AFRY - uten oppgradering | Godkjent areal AFRY - med oppgradering |
|---|---|---|---|---|
| Type godkjenning | Arealgodkjenning | Arealgodkjenning | **Areal- og funksjons-godkjenning** | **Areal- og funksjons-godkjenning** |
| Ruståa | 264 kvm | 208 kvm | **167 kvm** | **150 kvm** |
| Leabøen | 285,4 kvm | 192 kvm | **155 kvm** | **140 kvm** |
| Veslefrikk | 542 kvm | 420 kvm | **428 kvm** | **380 kvm** |

# Barnehageplassar

| Barnehage | | AFRY<br>Godkjent LOA-areal, utan oppgradering<br>(dagens barnehagar) | AFRY<br>Godkjent LOA-areal, med oppgradering |
|---|---|---|---|
| | Antall maksgrense godkjente arealplasser i dag<br>(Barn over 3 år) | Antall barnehageplasser i dag<br>Ved 50 – 50 % aldersfordeling barn under/over 3 år | Antall barnehageplasser ved oppgradering<br>Ved 50 – 50 % aldersfordeling barn under/over 3 år |
| Rustå | 50 barn | 36 barn | 32 barn |
| Leabøen | 48 barn | 33 barn | 30 barn |
| Veslefrikk | 82 barn | 92 barn<br>(*Veslefrikk meinar det kun er plass til 82 – 85 barn, slik barnehagen er utforma.) | 82 barn |
| Brakamoen | 96 barn<br>(Barnehagen sjølv seier dei har plass til 72 barn, 24 små og 48 stor = 68 ved 50-50) | 68 plassar* | 68 plassar* |
| Totalt | 276 arealplassar | 229 plassar<br>(*219 plassar) | 212 plassar |

**Godkjent areal må målast opp på ny*

Sauda treng 200 barnehageplassar, og vil ha 212 plassar om me pussar opp alle dei kommunale barnehagane.

To barnehagar (Ruståog Leabøen) har nesten ikkje plass til fleire enn 30 barn

Krav: Me skal ikkje ha barnehagar med færre enn 30 barn per barnehage, for å få eit godt fagmiljø.

**Skal ein då pusse opp alle?** 🤔

## EIT VAL SOM ER LITT VANSKELEG

# Ulike forslag

- Alternativ: Pusse opp alle dei kommunale barnehagane
- Alternativ: Veslefrikk og Ruståer med vidare, utviding av Ruståå
- Alternativ: Veslefrikk og Leabøen er med vidare, utviding av Leabøen
- Alternativ: Kun ein kommunal barnehage blir utvida, Sauda kommune har ein kommunal og ein privat barnehage

# Spørsmål om barnehage



# FRAMTIDAS BARNEHAGE





# Fase 2

**BARNESKULE:**

• Kommunestyret vil starte eit forprosjekt for å sjå på ein felles barneskule i Sauda

• I prosjektet skal dei sjå på:

- Kvar ein ny skule kan ligge, og ulike måtar å bygge han på
- Kva det vil koste (billig, middels eller dyrt alternativ)
- Kva ein kan bruke dei gamle skulebygga til vidare
- Kva som må til for ein trygg skuleveg
- Løysingar for idrettshall/fleirbrukshall saman med den nye skulen


Sauda barneskule





Ca 58,5 millionar kroner



Fløgstad skule

Ca 49 millionar kroner



Risvoll skule

Ca 41 millionar kroner



Austarheim skule

# Ca 148,5 millionar kroner for oppgradering av alle barneskulane


148,5
?
Norconsult:
Kvalitet
Ressursutnyttelse
Kompetanse
Læringsmiljø
Utvikling



Sauda oppvekst lokaliserings- og mulighetsstudie:
Lokaliseringsanalyse

# Kor skal ein felles barneskule liggje?

Fløgstad skule







Veslefrikk




Austarheim skule

# Aktuelle tomter



# Tomt  Austarheim skule



# Tomt  Fløgstad skule




# Tomt Veslefrikk









Transformasjon av oppvekstbygg til sosiale møteplasser

Mulighetsstudier av gjenbrukspotensialet i oppvekstbygg og kunnskapsgrunnlag for flerbrukshall i Sauda kommune.

Erlend Rødsås
Ingeborg Frøystad
Ingvild Mari Johnsen
Sjurd Vefring Stordal

Utarbeidet sommeren 2025

Sauda kommune

foto: Per Inge Fjellheim

Etterbruk av dei bygg/anlegg som ikkje blir brukt


Framtidas Sauda
Framtidas oppvekst
Framtidas helse/velferd

# Spørsmål om barneskule



# FRAMTIDAS BARNESKULE

Kva meinar du er det beste alternativet for barneskule?

